

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 Fylke: Hedmark
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Løten
 Emne: Juletre og julehalm Bygdelag:
 Oppskr. av: Aksel Andersson Gard:
 (adresse): Adalsbruk G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Juletre er vanleg i Løten.

2.

I heimene ser det ut til å ha vore i bruk frå 1870-åra.

3.

I skulen hadde dei det før. Johan Adalen, f. 1868, heigar at det var jule-
 profest på Tlseng-skulen (no Bruvoll) i
 1877. - I kyrkja høyrer ein ikkje um at
 det har vore vanleg med juletre nokon gong.

B

4.

Fell burt.

5.

Papirpynt av ymist slag har vorte teke
 i bruk etter kvart. Lekkejer under taket,
 i lampra, klesker over bordet, i dørkar-
 men, nissefigurarar osv. ser ein mange
 stader no.

6.

Juletreet kan ha alle storleikar, frå
 storehøgde til småbushor som kan
 stå på eit bord eller ein krakk.

7. a.

Det er pynta med papirstrimler, med

Jorgylte kuler, sylv. og gullkråder, velt. dattar (men ikkje skott), stjerner, og eller det vanlege som ei å sei kjøpt av slike ting i butikkar på landet og i byen no til dags.

7 b.

Ljos må det vera på treet, so sant greinene greier å bera det.

8.

Der borna er i høveleg alder, plar dei nok ställa med julebre. pyntinga sjølv.

9.

Dei store brea lyt stå på golvet, dei småe på eit bord eller ein krakk.

10.

Første gongen vert treet kendet julekvelden. Sidan kan det vera so ymist; men i alle fall plar ein kenda det når det er selskap, likeins nyårs kvelden og Brettanddagen (dersom det for stå so lenge).

11.

Song og gonge rundt juletreet plar vera vanleg der det er born. Salmebokalet er frå Landstads reviderte salmebok, og songane dei vanlege frå songboken i folkeskulen. Låttar som, "Så går vi rundt om en snebørst", "Jeg gikk meg over sjø og land" o. l. høyrer til.

12.

Når treet vert turt, vert det gjerne hørt, utan omsyn til dag og time, ser det ut til.

13.

Borne haustar (høster) gjerne treet når dei er mange saman. - 14. Gran. - 15. Fyll burt.

16. Tre i nærleiken av huset, med julebend.

Julekalen (pkt. 1-4)

Finst det ingen tradisjon um lenger.